

Rønnaug Kleiva:

Fuglane kor dei flyg

Eg har stor tru på at det som skal skje, skjer.

Eg har stor tru på at det som skal skje, lyt settast i gang.

Ei tid hadde eg gått rundt og lauseleg tenkt at eg ville prøve meg på litteratur for barn. Eg hadde før skrive 2 vaksenbøker. Så plutselig vart eg invitert på eit barnelitteraturseminar og laut produsere nokre tekstar til det føremålet.

Det var eit kjærkome puff som eg har hatt mykje glede av.

Eg har mange ungar. Ofte lagar eg historier. Eigentleg er historiene for meg sjølv, men det er greitt å ha nokon å fortelje dei til. Systrene

mine er også gode å fantasere saman med. Fantaseringa er ofte eit overskotsfenomen, men ikkje alltid. Det er også ein måte å overleve på.

I barnebøkene kan eg skrøne, fantasere og kombinere på ein annan måte enn eg kan i vaksenbøkene. Eg kan ta opp emne som eg, slik eg no ein gong er, ikkje er i stand til når eg skriv for vaksne.

Kva vil eg så seie i denne barneboka?

Ja, sei det.

Eg trur det er viktig med varme og romslegheit her i verda, også i barnebøker. Eg trur det er viktig å ha tru på eigen styrke og eiga



framtid, trass i alt.

Det er noko slikt eg gjerne vil gi i denne boka.

Rønnaug Kleiva
"Fuglane kor dei flyg"
Det Norske Samlaget